



Tore Nygård AS  
Litleåsveien 49  
5132 NYBORG

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)  
201207771-4/651/SOLDAHL

Dykkar ref.:

Bergen, 26. september 2012

## Osterøy kommune - Kringastemma - Konesjonssøknad senking HRV - Kulturminner

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyremakt innan kulturminnevern.

Hordaland fylkeskommune har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i det aktuelle området. Vi ber om at det blir teke omsyn til den opprinnelege muren i dammen so langt det let seg gjere.

Elles gjer vi merksam på at tiltakshavar har plikt til å visa aktsemd, og til straks å melda frå til Hordaland fylkeskommune dersom ein i samband med tiltaket skulle støyta på automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelova § 8, 2. ledd. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Saka har vore lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum som ikkje har merknader til saka ut over at tiltakshavar pliktar å gje melding til Bergens Sjøfartsmuseum dersom det under arbeidet vert påvist marine kulturminne. Undervassarbeidet må då straks stansast og kan ikkje verte tatt opp igjen før Bergens Sjøfartsmuseum har undersøkt og eventuelt frigjeve området.

Kultur- og idrettsavdelinga, Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader til planen.

Med helsing  
  
Per Morten Ekerhovd  
Fylkeskonservator

  
Solveig Roti Dahl  
rådgjevar

Kopi: Fylkesmannen i Hordaland  
Vinje, Signe, Planseksjonen